

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek - Årsmelding 2009

Fylkesbiblioteket er eit service og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket og skal vere eit kompetansesenter innan bibliotekområdet. Fylkesbiblioteket samarbeider med kommunane om mobil bibliotekteneste og gir folkebiblioteka i fylket råd og rettleiing, deltar i utviklingsprosjekt og arrangerar kurs og møte for bibliotektilsette.

Fylkesbiblioteket har 7,6 stillingar, men hadde pga sjukmeldingar og ledig stilling redusert kapasitet i 2009.

Fylkesbiblioteket har som mål å:

- medverke til å sikre alle innbyggjarane i fylket tilgang til gode bibliotektenester
- medverke til auka leselyst og - dugleik, særleg hos barn og unge
- vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

Medverke til å sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester

For å nå dette målet har fylkesbiblioteka følgjande tiltak i 2009:

Bokbussen

Bokbussen blir tilbydd kommunane som eit supplement til deira ordinære bibliotekteneste, der kommunen betaler timepris for bussen si stoppetid i kvar kommune. Fylkesbiblioteket syter for drift og vedlikehald av bussen, og stiller med sjåfør og ein velfylt buss med lydbøker og bøker av alle slag. Kommunane stiller med personale som er med i bokbussen i eigen kommune.

I 2009 var det fem kommunar som nytta seg av tilbodet. Dette er kommunane Bremanger, Fjaler, Førde, Høyanger og Naustdal. Bokbussen hadde i 2009 22 stopp, derav 14 ved grunnskular og nokre barnehagar. Utlånet i 2009 var totalt på 9083, fordelt på 7588 bøker og anna materiale for born og resten for vaksne. Talet på utlån auka med 20,6% samanlikna med året før.

I haust starta vi med prosjekt med bokpakkar til elevar i Ålfoten. Det vert sett saman pakkar med 3-5 bøker tilpassa kvar enkelt elev sin lesedugleik og ynskjer. Målet har vore at borna skal få nokre kjende bøker basert på kva dei tidlegare har lese, men også at dei skal oppdage nye bøker som dei kanskje ikkje hadde lånt til vanleg.

Bokbåten Epos

Fylkesbiblioteket samarbeider om bokbåten med Hordaland fylkesbibliotek og Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Bokbåten er eit tilbod til kommunane på lik linje med bokbussen, men her er personale frå fylkesbiblioteket med og står for utlånet. I 2009 var det 15 kommunar i Sogn og Fjordane som nytta seg av tilbodet.

Bokbåten køyrde som vanleg 2 turar, ein om vinteren og ein om hausten, kvar på 19 dagar. I tillegg til bokutlån har ein med eit kulturprogram for barn. Det var 2 197 personar ombord, og av desse var det 1 735 personar som fekk med seg kulturprogramma. Det vart lånt ut 15 555 bøker og lydbøker frå bokbåten, vel halvparten var barnebøker. Dette er ein auke på 2,5% frå i fjor.

På vinterturen hadde bokbåten 41 stopp, og 30 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Ein sjantifant på tokt" med Håkon Vatle. 841 personar såg forestillinga. På haustturen hadde bokbåten 42 stopp, og 30 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Katta og andre strofer" med Teater Fusentast. 896 personar var på forestillingane. Kulturprogramma blir arrangert i samarbeid med Folkeakademiet Sogn og Fjordane.

Som ein del av bokbåttilbodet samarbeider dei tre fylka om "bokbåtklubben", ein klubb for elevar i 1.-7. klasse på skular som brukar bokbåten.

Fjernlån

Fylkesbiblioteket er ansvarleg for å organisere fjernlånssamarbeidet i fylket, og hjelper biblioteka med å få tak i bøker og andre media dei sjølve ikkje har i samlingane. Fjernlånssavdelinga mottok 3 218 tingingar i 2009, og fylkesbiblioteket lånte til saman ut 3 101 media til andre bibliotek. Dette er ein nedgang på 8,6% frå i fjor.

AMB-utvikling har utarbeidd nye retningslinjer for fjernlån for fag- og folkebibliotek som vart sende på høyring i haust. Høyringsforslaget er ei svært forenkla utgåve av dei tidlegare retningslinjene. Hensikten er ei best mogleg utnytting av felles bibliotekressursar.

Regionalt samsøket i bibliotekatalogane til biblioteka i Sogn og Fjordane vart installert i slutten av året. Det gjer det mogleg for biblioteka og brukarane å søkja samtidig etter bøker og andre media i nesten alle biblioteka i fylket. Denne tenesta har også som mål å gi brukarane betre tilgang til dei samla bibliotekressursane i fylket.

Medverke til auka leselyst og - dugleik, særleg hos barn og unge

Klassesett

Alle grunnskulane i fylket kan låne klassesett frå samlinga til fylkesbiblioteket. Samlinga inneheld for det meste bøker på nynorsk, nokre på bokmål og enkelte sett på engelsk. Utlånet i 2009 av klassesett var på 3156 eksemplar. Dette er litt lågare enn 2008 (vel 3500 utlån), og utlånstrenden for klassesett samanlikna med 2007-2008 syner ein svak tilbakegang.

Det vart kjøpt inn i underkant av ti nye klassesett i 2009, mellom desse eit sett med sakprosa-bøker. Fylkesbiblioteket prioriterer no å kjøpe bøker på nynorsk. Formidling av klassesett skjer først og fremst gjennom heimesida og informasjon på nettstaden skulestova.no om nye klassesett til utlån. Det er truleg potensiale for å gjere klassesetta endå meir kjent for brukarane.

Vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

Rådgjeving

Fylkesbiblioteket gir råd og rettleiing i bibliotekfaglege spørsmål. Ein del av dette arbeidet er å reise ut i biblioteka for å gi råd og rettleiing på staden. I 2009 reiste vi ut til 3 bibliotek, der tema har bl.a. har vore litteraturformidling til barn og unge, bibliotek- og teknologiutvikling, og for å sjå på nye biblioteklokale .

Gjennom avtale med LESER SØKER BOK har fylkesbiblioteket teke på seg rolla som regional utviklingsaktør i "Bok til alle" arbeidet.

Basar på vår server - avtalar

Fylkesbibliotekets har eigen server for datasystemet Bibliofil. Forutan fylkesbiblioteket og Sunnfjordbiblioteka, blir mediabasane til Sogndal bibliotek (pluss samarbeidspartnarane deira), 5 vidaregåande skular og grunnskulane i Førde drifta på fylkesbibliotekets server

Strategisk plan for bibliotekutvikling

Utarbeiding av ein strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane tok til og vil verta ferdig stilt i 2010.

Sosial teknologi

Fylkesbiblioteket har i løpet av 2009 installert seg sterkare i den sosialteknologiske sfæren ved å ta i bruk Facebook og mikrobloggingstenesta Twitter. Frå før har vi Fybloggeren, etablert i 2008 for å vere eit slags verktøyskrin i litteraturformidlinga, biblioteksutviklinga og ein arena der terskelen er låg for at

brukarane (først og fremst tilsette i biblioteka i fylket) kan dele råd, tips, informasjon. Sidan bloggen vart starta har den hatt 8780 besøk, det høgste på ein dag er 126 treff.

Alle desse verktya er teken i bruk for å ha ekstra arenaer til å spreie informasjon om tenestene og aktivitetane til fylkesbiblioteket, til å kome i dialog med brukarane og å skape kontakt, vere synleg gjennom å vise fylkesbiblioteket fram på mykje brukte, digitale arenaer.

Kurs/møte

Kurs og møte er viktige for heve kompetanse og gi fagleg påfyll til bibliotektilsette. I 2009 vart desse arrangert:

Presentasjon av kulturfondbøker

På ei samling ved Rica Sunnfjord Hotell i Førde 11. februar arrangert av fylkesbiblioteket presenterte litteraturformidlarane Linn Tønnessen og Kjersti Torbjørnsen kulturfond-bøker for vaksne utgitt i 2008. Talet på deltakarar var 40.

Bokprat om bøker for born og ungdom

Den 12. februar var IBBY-Norge i Førde og presenterte barne og ungdomsbøker utgjevne i 2008, 49 personar var tilstadar og så den 30. november var det presentasjonen av årets bøker for barn og ungdom. Den gjekk føre seg på Førdehuset med 45 deltakarar, i hovudsak tilsette frå folke- og skulebibliotek men også nokre lærarar.

Regionale møter

Fylkesbiblioteket har i 2009 hatt regionale møter med folkebiblioteksjefane i fylket. Eitt var på Sandane, eit anna i Balestrand og det tredje i Fjaler. På møta orienterte fylkesbiblioteket mellom anna om arbeidet med *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane* som no er under arbeid, program for skulebibliotekutvikling, samsøk for biblioteka i fylket, tilbakemeldingar på aktuelle saker og tema frå folkebiblioteka.

Opp og fram? – bibliotekutvikling i lys av bibliotekmeldinga

Stortingsmelding nr 23 (2008-2009) Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid blei lagt fram i april. På denne dagskonferanse på Skei hotell med om lag 40 deltakara blei innhaldet i meldinga presentert og biblioteksamarbeid som er eit viktig tema i meldinga, til slutt vart innhaldet knyta opp mot bibliotekplanlegging

"Vit han tarv som vidt skal fara..." – Bibliotekdagane i Førde

Fylkesbiblioteket arrangerer årleg samkommet "Bibliotekdagane" for tilsette i biblioteka i fylket. I 2009 opna tilstillinga med orientering om tenestene Biblioteksvar og Leser Søker Bok før eit litteraturseminar med fokus på nyare islandsk litteratur, med spesiell vekt på framvoksteren av kriminallitteratur av forfattarar frå sagaøya, tok til. I tillegg handla seminaret om vampyrar i litteraturen, hekseprosessar, litteraturkritikk og presentasjon av ein lokal krimforfattar; Rune Timberlid. På denne måten ville vonleg seminaret medverke til å stimulere og inspirere litteraturformidlinga i folkebiblioteka.

To av føredragshaldarane var frå Island; Litteraturvitar Úlfhildur Dagsdóttir og forfattar Yrsa Sigurðardóttir. I tillegg deltok litteraturkritikar i Verdens Gang, May Grethe Lerum, og professor i folkloristikk ved Universitetet i Bergen, Bente Gullveig Alver.

Talet på deltakarar var 56 inkludert fire frå Møre og Romsdal og frå Hordaland. Arrangementet var koordinert med Krimdagane i Førde og støtta av Fritt Ord og Folkeakademiet Sogn og Fjordane

Fagsamlingar for tilsette i biblioteka i vidaregåande opplæring

Fylkesbiblioteket har delteke på to fagsamlingar for tilsette i biblioteka i den vidaregåande opplæringa. Den eine fann stad i Trivselshagen på Sandane i oktober der fylkesbiblioteket orienterte om sosiale teknologiar biblioteka kan gjere seg nytte av. I tillegg var ein representant for Eurobib til stades for å orienterte om utstillingsteknikkar i biblioteka og det var omvising i det nye biblioteket i Trivselshagen. Den første samlinga var på Skei hotell i mai med følgjande innhald:

- Tom Sølve Myklebust, fylkeskommunen, orienterte om elevpc-ordninga
- Biblioteka i Eid og Sogndal orienterte kort om prosjekt ang. søkjeteknikk, kjeldekritikk og kjeldelisteskriving (Eid) og lesekonkurranse/lesestimulering (Sogndal)

- Fylkesbiblioteksjefen gjekk gjennom bibliotekmeldinga, bibliotekplan for fylket osv
- Så var det eit punkt ang. innlevering/utlån av lærebøker

Kurs i formidlingsteknikk

Saman med Norsk Bibliotekforening Sogn og Fjordane arrangerte fylkesbiblioteket 17. november eit kurs i formidlingsteknikk for tilsette i biblioteka kalla "Tell the Story". Kurshaldar var Else Barratt-Due frå Oslo, men berre åtte deltakarar var med inkludert to frå fylkesbiblioteket. Kurset var lærerikt, og gir viktig kunnskap om korleis formidle på best mogleg måte.

Samlingar utafor fylket

Fylkesbiblioteket har delteke i to samlingar om litteratur i Bergen; ei om teikneserie-mediet i regi av Hordaland fylkesbibliotek og ei samling med tittelen "Ikke bare skjønt", ein turne Norsk kulturråd og ABM-utvikling arrangerer for å informere om sakprosa og tidsskrift distribuert til folkebiblioteka gjennom innkjøpsordninga for litteratur. Fylkesbiblioteket har også delteke i andre samlingar i Oslo, som DKS og litteratur på Litteraturhuset, om tiltaket "Les for meg, pappa!" i regi av Foreningen Iles i lokala til ABM-utvikling og ymse andre faglege samkome.